

NVE Konesjonsavdelingen

Postboks 5091 Majorstuen

0301 Oslo

19.01.2017

NVE ref.: 200803245-26 kv/lph

Planendring for Nyasetdalen kraftverk – svar på høyringsfråsegner.

Etter NVE si avgrensa høyring er det kome inn 3 fråsegner. Vik kommune har ingen merknader til planendringa. Fråsegnene til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag er kommentert kvar for seg under.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si fråsegn:

Når det gjeld verknader på landskap og friluftsliv meiner Sognekraft av det må skiljast mellom opplevinga viss ein går nede i dalføret kontra det å gå langs Klukseggi. Viss ein går stien langs elva vil plasseringa på kote 795 vere vesentleg betre enn på kote 800 då kote 800 er eit markert skilje der terrenget lenger oppe flatar meir ut. Difor vil endringa med å gå ned i søkket like nedstraums gjere at inntaket vil vere mindre dominerande når ein går langs elva. Når ein går langs Klukseggi vil ein sjå inntaksområdet i fugleperspektiv og lokale variasjonar i terrenget vert mindre synlege. Om få år vil heile inntaksområdet bli skjerma av bjørkeskog, sjå bildet som er lagt ved e-post saman med dette brevet.

At turen langs Klukseggi er hovudruta til Rambertinden vil Sognekraft på det sterkaste avvise. Denne ruta vert brukt lokalt av folk frå Feios men tyngda av turgåarar vel ruter som går frå dalføret søraust for Vik sentrum. Nyasetdalen er lite brukt som turområde, i Feios er det Vidasethovden og Gullsetedalen som er mest brukt. Det er såleis uheldig at det vert skapt eit inntrykk av at Nyasetdalen har stor verdi som friluftsområde.

Sogn og Fjordane turlag si fråsegn:

Turlaget skriv at Sognekraft sine berekningar av produksjonen er feil. Dei siste berekningane våre viser at med eit inntak på kote 770 og stasjonen på kote 443 vert produksjonen 5,1 GWh. Ytterlegare heving av inntaket til kote 795 gjev ca 0,4 GWh ekstra, totalt 5,5 GWh.

Turlaget etterlyser nye korrigererte tal for utbyggingspris pr. kWh. Med den konsesjonsgjevne løysinga vert utbyggingsprisen 6,88 kr/kWh, då vert prosjektet skrinlagt. Den nye omsøkte løysinga med inntak på kote 795 og stasjon på kote 443 gjev ein utbyggingspris på 5,48 kr/kWh. Med denne utbyggingskostnaden er det muleg at prosjektet kan realiserast.

Sognekraft har ingen ytterlegare kommentarar til turlaget si fråsegn.

Oppsummering.

Svært mange av dei småkraftverka som har fått konsesjon dei siste åra har ikkje blitt realiserte på grunn av for dårleg økonomi. For Nyasetdalen kraftverk vil ein kombinasjon av strenge vilkår saman med låge kraftprisar føre til at også dette kraftverket hamnar i same kategori. Når eit kraftverk med eit potensiale på 6,6 GWh får vilkår som reduserar det med 2,1 GWh (32 %) blir det vanskeleg å realisere, sjølv med «normale» kraftprisar.

I NVE si grunngjeving og vurdering av konsesjonsspørsmålet står det at ulempene knytt til inntaket kan «avbøtes ved å legge inntaket noe lenger ned». Videre står det at «dette området ligger mellom kote 770 og kote 720». Med korrekte innmålte kotehøgder vil dette sei mellom kote 800 og kote 750.

Sognekraft meiner at konsesjonen og vilkåra gjev opning for at inntaket kan plasserast mellom kote 800 og 750 og viss kraftverket skal la seg realisere ber vi om godkjenning for eit inntak på kote 795 og kraftstasjonen plassert på kote 443.

Med helsing
Sognekraft AS


Jacob Hornnes

Vedlegg: Elektronisk oversendt bilde, som vedlegg i e-post saman med dette brevet.